

Fra: o.hoel@samlaget.no <o.hoel@samlaget.no>

Til: 'Hege Lid' <hege.lid@hd.uib.no>

Dato: 8. juni 1999 12:24

Emne: Referat frå styremøtet ligg ved

ST-092/98-99 PROGNOSE 1999

Sakspapir: Prognose for resten av 1999 (internt dokument)

Skrivarstova la fram prognose per 8.5.99.

Ordskiptet dreidde seg mykje om korleis auka inntektene, av di det var semje om at det var vanskeleg å kutta særleg meir på drifta. Desse ideane kom fram i ordskiptet:

- Betre profilering av tilfang
- Betre utforming av vervetilfang.
- Fleire verveføremonar.
- Møte med tidlegare dagleg leiar og økonomikonsulent for å få vita kva som er gjort tidlegare.
- Betre arbeid med å halda på medlemmer.
- Landsmøteaksjon med pengeinnsamling.
- Kunnskapssal frå skrifvarstova.
- Vurdera korleis vi kan tene meir på lotteriet.
- Meir samarbeid med næringslivet - sponing.
- Betre arbeidsfordeling med fylkeslag, slik at meir inntektsarbeid kan bli gjort på skrifvarstova.
- 1000-års-gåva - gje ein tusenlapp!
- La nynorske verksemder lysa på brosjyrrar m.m.
- Økonomiaksjon mellom dei rikaste mållaga - få dei til å vera med og innfri lånet vårt.

Oddmund Hoel gjorde slikt framlegg til vedtak:

"Styret bed skrifvarstova arbeida med inntektssida slik at budsjettmåla vert nådde. Styret bed særleg om at det vert arbeidd med å auka medlemsinntektene og inntektene frå tilskot/sponing i samband med tusenårsaksjonen".

Liv Ingebrigtsen gjorde slikt framlegg til vedtak:

"Styret ber Skrifvarstova om å starte arbeidet med å skaffe medlemsfordelar til dei som er med i NM. Saka leggast fram på styremøtet i oktober".

Svein Ivar Angell gjorde slikt framlegg til vedtak:

"Styret ber skrifvarstova om ei utgreiing kring arbeidsoppgåvene på skrifvarstova sett i høve til meir arbeid med inntektskapande tiltak."

Alle tre framlegga vart samrøystes vedtekne.

Vedtak:

Styret tek prognose for 1999 til vitande og bed skrifvarstova om

- å arbeida med inntektssida slik at budsjettmåla vert nådde.

- at det særleg vert arbeidd med å auka medlemsinntektene og inntektene frå

18.07.99

tilskot/sponsing i samband med tusenårsaksjonen.

- å starte arbeidet med å skaffa medlemsfordelar til dei som er med i NM og leggja saka fram for styret i oktober.
- å greia ut arbeidsoppgåvene på skrivekstova sett i høve til meir arbeid med inntektskapande tiltak.

Fra: Oddbjorn Haugen <Oddbjorn.Haugen@student.uib.no>

Til: LARS BJARNE MARØY <lbmaroy@c2i.net>

Dato: 18. juli 1999 16:47

Emne: Re: Vincent ravgalen på fyresegnene

Hei Lars Bjarne

Gratulerer med portrettintervju i BT!

On Sun, 18 Jul 1999, LARS BJARNE MARØY wrote:

> Hei Oddbjørn

>

> Eg fekk nett telefon frå Vincent. Han var ravgalen på folki i Oslo
> skrivastova. Han meinte at det må gjerast noko med opplæringslovi
> som hev tyngd. Han ottast at Oddmund vilde vera altfor lojal til
> Samlaget til at han vilde tøra å koma med nokon strategi som vilde
> føra til noko.

Det er visst Samlaget som køyrer løpet her. Faye, Hoel, Hestestad... Men Ingebrigtsen skal i møte med ein statssekretær iflg. Norsk Tidend. Men eg reknar med at Oddvar har kontakt med sentralplanet i NM og at dei snakkast om kva HM kan gjera i denne saki.

>

> Han meinte det måtte vera viktig å mobilisera ordførarane og
> ordførararni i td. Hordaland. Det er ei viktig sak. Han hadde ikkje
> serleg tru på Høviskeland. Han vil ikkje gjera noko som politkar,
> og då vil det ikkje ha nok vekt.
>
> Eg steller meg til disposisjon til å tenkja ut saker og ting. Eg
> trur denne saki saman med skivarstovesaki bør vera tvo viktige
> saker for HM eller kva segjer du ??

Jau, det er eg samd med deg i. Men medan skivarstovesaki fyrst og fremst er ei landsmøtesak, er lærmiddelsaki noko me lyt jobba med lokalt mot lokal- og fylkespolitikarar.

Men eg anar ikkje kva NMU kjem til å gjera, og det er vel eigentleg ganske avgjerande. Det var jo dei som hadde regien på AFSRIS og dei skal jo ha ein kampanje til hausten her på Vestlandet.

Med tanke på valkampen i Hordaland burde FrP og Høgre få bank for åtaki på sidemålet, og Regjeringi burde køyrast på nynorske læremiddel, unntak frå sidemålsundervisning og nynorsk i dataverdi. Var det ikkje så at Vincent var med å mobilisera ordførarar i Hordaland under AFSRIS? Klart det er glimrande dersom me kan få politikarane på bana no når det er val og all ting. Eg er med på mykje eg, dersom du kan fortelja meg korleis HM kan få politikarane på bana for nynorsk i eit valår!

> Elles var Vincent sur for at skivarstova hadde laga vervemateriell

18.07.99

- > der alle pengane gjeng til organisasjonen sentralt fyrste året. De
- > tykte han minna um byråkrati og yverstyring og harmonerte mildt sagt
- > elendig med dei gilde måli knytt upp til organisasjonsplanen. Denne
- > saki fiksar vel eigenleg Torolv Hesthamar rimeleg greidt vil eg tru
- > eller ? Men det er jo ikkje alle som hev like mykje pengar til
- > vervemateriell som Ullensvang og ikkje alle som hev like mange vener
- > som Arvid og Voss MÅLLAG.

Klart det luktar overstyring. Det er jo slik NMU har drive på dei siste åra, no har dei til og med utvida tilbodet til to års medlemskap for 30 kroner året. På den andre sida vert det jo mindre byråkrati når NM slepp å senda frå seg medlemspengar til lokallagi. Kva skal ein eigentleg med alle desse brysame lokallagi? :)

- >
- > Vel, vel skal eg formulera noko fråsegn eller artikkel um fyresegnene
- > til opplæringslovi, tykkjer du.

Det viktigaste er vel kva HM gjer her lokalt, og kva føringar me event. kan leggja på NM når det gjeld å jobba med saki. Sjølve teksten i ei fråsegn er vel ikkje det viktigaste? Men kva med å piska opp stemningi mot forskriftene og seia klårt i frå at me meiner noko må gjerast? (slik Vincent tydelegvis held på med)

Elles kjem Oystein med eit utkast til hefte om gode idear til lokallagsarbeid paa landsmotet. Saa dette teiknar til aa bli eit LM der Hordaland faar gjort ting.

me snakkast!

Oddbjørn Haugen
oddbjorn.haugen@mj.uib.no

Fra: Magnus Bernhardsen <magnus.bernhardsen@nynorsk.no>

Til: hege.lid@hd.uib.no <hege.lid@hd.uib.no>

Dato: 5. august 1999 08:57

Emne: Grete Riise

Grete skal opp til Fyllingsnes for eit intervju i dag. Ho har tenkt å seia

* samarbeidet om medlemslistene til NMU går heilt greitt

* samarbeidet mellom NM og NMu har betra seg munaleg den siste tida

* Norsk Målungdom røyser ikkje lenger i blokk på landsmøta, noko som er bra for demokratiet i både NM og NMU

Magnus

05.08.99

Fra: Hakon Kolmannskog <hakon@nynorsk.no>
Til: Hege Lid <Hege.Lid@hd.uib.no>
Kopi: Roar Madsen <roar.madsen@hf.ntnu.no>; Øyvind Thomassen
<oyvind.thomassen@hf.ntnu.no>
Dato: 5. august 1999 13:58
Emne: oppsummering av LM

Hei folkens,

her kjem oppsummering av landsmøtet. Ho er på ingen måte god nok, men det er betre å starta no slik at me kan ta til med det som er moro (ny generalplan t d). Etersom Øyvind og Roar ikkje kjem til å koma på lista før i slutten av august (Sjur er på ferie) oppmodar eg alle til å putta på adressa deira i kopifeltet slik eg har gjort her.

Helsing Håkon

OPPSUMERING AV LANDSMØTET I NM 1999

I dei komande dagane trur eg det er viktig å a) oppsumera landsmøtet sikkeleg, b) få starta planleggjinga av korleis me skal utarbeida strategiar for eit offensivt NM i åra frametter (d v s laga ein ny generalplan) og c) ta nokre umiddelbare tiltak andsynes Kine Hellebust og usikre NM-medlemer.

Her kjem ei stutt oppsummering av landsmøtet, slik at me kan få starta på punkt a).

Landsmøtenotatet vårt slo fast at dette var eit annleis landsmøte enn det førre; denne gongen var me på offensiven. Dette landsmøtet skulle handla om Lockerbrigtsen skulle inn til makta eller ikkje. Me skreiv at dette perspektivet var viktig for oss å få forståing for. Konkret var målsetnadene våre slik:

1. Oddmund skal vinna valet, med 3/4 fleirtal, d v s med 150 røyster
2. Hindra Roger L i styret
3. Gå ut av eit landsmøte med kveik og optimisme, og arbeidslyst

Hovudsakleg må me seia at landsmøtet gjekk slik me ynskte; me fekk vald Oddmund, Liv er borte, Roger turde ikkje eingong stilla. Ved fleire ordskiftepunkt (mellom anna strategiordskiftet etter Grepstad si innleiing) var det tydeleg at det var den yngre generasjonen som hadde noko serleg å koma med. På mange måtar vart det eit landsmøte som skapte kveik og optimisme.

Likevel er det verdt å merkja seg nokre minussider ved landsmøtet; Oddmund fekk ikkje 2/3 fleirtal (vann med 25 røyster), me fekk i liten grad forståing om at dette landsmøtet handla om Lockerbrigtsen si framtid i NM, og det "vetuge grunnplanet" vanta (evna ikkje vera med på strategiske ordskifte). I tillegg er det nok slik Lars Bjarne skriv, at mange i Noregs Mållag frameleis er forvirra og ikkje heilt skjønar kva som hender.

Eg tykkjer landsmøtet nok ein gong har vist styrken i organiseringa vår, men samstundes ser me kor store utfordringane for Noregs Mållag er. Strategiane me legg frametter må ta utgangspunkt i dette.

Over til ei oppsummering frå sak til sak.

Torsdagen:

På setjinga av møtet gjekk alt som det skulle. Eit venta framlegg om å få revidert budsjett opp som eiga sak vart ikkje fremd (av di dei skjøna at dei ville tapa). Eit framlegg (frå Oddmund Utskapen) til landsmøteføresegnene om ikkje å røysta på kandidatar til styret plass for plass fell med stor margin, og Liv røysta med salen og mot det ho hadde røysta dagen før på styremøtet.

Saklista og framlegg til nemnder vart samrøystes vedteke.

Sak 2 Leiratalen

Dette høvet nytta Liv for det det var verdt. Det var klårt at taktikken deira ikkje var å gå hardt ut mot valnemnda og oss, men heller å mana landsmøtet til fred og toleranse. I innleiinga (som vara i 45 min) bruka Liv tid på å tala om IT (!), næringsliv, sidemål og sitt syn på leiarstil (eit ljøsark med orda "respekt", "omsorg" og "ansvar" i ein trekant).

Det vart knapp tid til ordskifte etterpå, me hadde fleire innlegg der hovudbodskapen var "målreising i ei ny tid krev nye strategiar og ny argumentasjon". Andre innlegg rosa talen hennar, og funksjonen var klår: Liv vart framstilt i eit godt ljøs og det vart lagt band på leiarstriden.

Sak 3: Årsmelding

Oddmund heldt ei stutt og sakleg innleiing om arbeidsåret. Me hadde som vanleg mange innlegg, mykje av poenget var å skryta av styret sitt arbeid m a med næringslivet. Det kom ikkje åtak på oss frå Lockerbrigtsen her.

Stutt vitring frå valnemnda.

Per Torvald vitra stutt frå valnemnda (på normaltalemåll!). Han var veldig nervøs, men funksjonen var bra, og det vart ikkje opna for spørsmål etterpå. Det var ikkje råd for han å insinuera noko om Ingeborg og Oddny og e v t trekkjing om Liv vart vald.

Fredag:

Sak 4 Landsmøtetale v/Ottar Grepstad

Grepstad heldt ei 5 kvarters innleiing der han meinte at målreisinga ikkje lenger bør stø seg på ein nasjonal-historisk retorikk (bombe!), men heller ta utgangspunkt i "den nye tida". Her var det lite nytt, men mykje argumentasjon for at Noregs Mållag burde starta opp at eit liknande prosjekt som Målreising 67, eit tenkjeloft for nye målpolitiske strategiar. I ordskiftet hadde me omtrent 3/4 av innlegga, og me var konstruktive og rosa talen. Øyvind T kom med framlegg om ei scenarionemnd i Noregs Mållag og Oddmund og mange andre frå oss spann vidare på dette. Merk at ingen av lobbybyråkratane eller dei "vanlege medlemene" tok ordet i dette ordskiftet. Men "alle" meinte det var ein storveges tale, og det var tydeleg for heile landsmøtet at det var me som kom med framlegg og hadde initiativ. Liv tok ikkje ordet.

Sak 5 Rekneskap v/Gro

Her fekk me fram at økonomien er dårleg, og at det har vore usemje om vurderinga av økonomien i styret. Olav Kårevik stilte spørsmål (etter ordre frå oss) til mindretalet i styret om kva det var som gjorde at dei ikkje hadde meint det var trong for revidering av budsjettet når den økonomiske stoda var som ho var. Liv svara sers dårleg for seg. Gro hadde sluttinnlegget og "måtte arrestera leiaren litt" når det galdt forklåringa om revidert

budsjett. Etterpå meinte fleire i salen at "stiden hadde kome opp der ja", og at Liv hadde framstått klossete.

Sak 6 Organisasjons/Studieplan v/Svein Ivar

Under dette punktet freista me vera konstruktive. Fleire av dei andre innlegga kritiserte planen for å vera for lite konkret. Lockerbrigtsenfolka hadde av ein eller annan grunn fleire innlegg her (utan at innlegga hadde serleg negativ funksjon).

Sak 7 Normering v/Oddmund

Her heldt fyrst Oddmund innlegg (15 min) dinest tala Liv (like lenge). Etter desse fekk Langeland og Håvard ordet for å grunngje sine framlegg. Oddmund heldt ei god og pedagogisk innleiing, Liv las opp det Roger hadde skrive. Liv brukte nendinga "framlegget frå Hoel" i staden for "fleirtalsframlegget" konsekvent. I ordskiftet delte salen seg omtrent på midten (som i fjor), og motsetnaden var som vanleg for/mot dialekt, for/mot stram/vid norm, for/mot Aasen. Om det skulle vore røysting etter ordskiftet ville eg tippa Søyland/Donali like gjerne kunne fått fleirtal som styreframlegget.

Nemnda gjekk for eit kompromiss som baa sidene kunne leva med, og i innleiinga si gjorde Endre Otto det til eit poeng at dei hadde teke mykje utgangspunkt i styrefleirtalet sitt framlegg. Vedtaket var på laurdagen.

Laurdagen:

Sak 8 Årspengar

Ingen usemjer her.

Sak 9 Budsjett/Økonomiplan

Dette vart på nytt eit vinnarpunkt for oss. Gro tok ein spansk i vitringa si og forklåra saka om leiarløn nok ein gong for salen, slik at det vart klårt at her hadde sume misstydd saka med overlegg. Dinest vart det ordskifte om landsmøtet skal revidera budsjett eller ikkje. Det vart klårt at denne saka kom opp av di Liv ikkje hadde villa revidera budsjettet tidlegare, og landsmøtet avviste framlegget frå Sivert Hesttveit om at landsmøtet skal revidera budsjettet.

Sak 10 Fråsegner

Her hadde alt gått etter planen vår: Ingeborg Mjør hadde vorte leiar for nemnda slik at Roger ikkje skulle få ordet før valet. Alle fråsegnene var innstilte samrøystes. Det vart ordskifte kring fråsegna om morsmålsopplæring for innvandrarar. Fråsegna frå Øyvind T om at NM skal setja ned ei slags "scenariogruppe" var det viktigaste her, og vart vedteke samrøystes. Fråsegna inneheldt lite konkret, slik at det vert opp til det nye styret å konkretisera det.

Sak 11 Lovbrigde

Her hendte det inkje viktig. Landsmøta vart flytt til våren frå 2001.

Sak 12 Andre landsmøtesaker

Her hendte det inkje. Alle lada opp til valet.

Sak 13 Landsmøtestad

Staden vart Time i 2001.

Sak 14 Val

PTL gav ei grundig og god grunngjeving for tilrådinga (framleis på normaltalemåll). Han

la vekt på dårleg økonomistyring og lite samlande i styret i kritikken av Liv. Reidun Dahle presenterte framlegg om Liv som leiar. Ho preika om det vanlege; frisk og sprudlande, organisasjonen sin leiar, utetteretta o s b. I ordskiftet var det ein meir for Oddmund (talarlista vart stroken etter 30 min). Den største dramatikken kom då Liv Sunnanå deisa i golvet før ho fekk sagt at ho støtta Liv. Livtilhengjarane la mest vekt på at dette var ein strid ingen kunne forstå, og at Liv var godt likt i organisasjonen. Ingen frå Nord-Noreg-benken fekk ordet av di dei hadde vore for treige med å teikna seg. Soleis fekk t d heller ikkje Kine Hellebust ordet (men heller ikkje Øyvind T). Flott at det var Jan Olav Fretland som stod for strykinga av talarlista frå ordstyrarbordet og ikkje t d Steinulf.

Røystetala vart slik: 77 for Liv, 102 for Oddmund og 3 blanke røyster.

Resten av styret og valnemnd vart valde samrøystes.

Til oppsummeringa:

Organisering:

Det verker som NMU funka bra på landsmøtet; dei var delte i grupper som produserte innlegg og spana på folk. Responsen frå mange er at NMU er konstruktive og flinke. Dette har mykje å seia ettersom Lockerbrigtsen byggjer meir og meir av argumentasjonen sin på motstand mot NMU. Den indre leiinga hadde færre og kortare møte enn t d på landsmøtet i Nidaros, og dette funka truleg bra. Rigginga av innlegg frå andre enn oss sjølve gjekk tolleg bra, sjølv om det nok ein gong er tydeleg at det ikkje er mykje å ta av til gode/tunge innlegg på talarstolen.

Politikk:

Me hadde på førehand planlagt å ha fleire so kalla "tendensinnlegg" som peikte i retning val av Oddmund og ein ny kurs. Dette funka relativt bra, serleg etter at Øyvind T tok initiativet både etter leiartalen til Liv og føredraget til Ottar Grepstad. Noko som ikkje funka serleg bra var freistnadene våre på å få fram at dette landsmøtet skulle velja om Lockerbrigtsen skal ha makt i NM frametter; Taktikken deira sperra for oss, og me fekk aldri heilt taket på dei uvisse. Røystetala dagen før valet viste at me hadde eit par og 90 røyster og Liv nokre og 50, d v s at me delte tvilarane omtrent på midten. Dette kan visa at landsmøtet ikkje hadde den "avklårande" effekten me vona på.

Det viktigaste vedtaket på landsmøtet (i tillegg til valet av Oddmund) var Øyvind sitt framlegg om scenariogruppe. Viktig frametter er å sjå på korleis me kan konkretisera arbeidet til denne gruppa, og korleis me kan utnytta dette arbeidet i ei politisk styrking av organisasjonen.

Fra: Hakon Kolmannskog <hakon@nynorsk.no>
Til: Hege.Lid@hd.uib.no <Hege.Lid@hd.uib.no>
Dato: 10. august 1999 12:23
Emne: Mote i Oslo

Hei gode hegelidanarar,

Etter ei rad medieutspel frå Lockebrigtsen i etterkant av landsmøtet (som m a har ført til innslag i Dagsnytt 18 og leiarteig i Dagbladet) samla ein gjeng seg hjå Hege M/Erik i går kveld for å ordskiftast om vegen frametter, både på kort og mellomlang sikt. Her kjem oppsummering av møtet.

På slutten av oppsummeringa finn de framlegg om ei ny (stor) hegelid-samling, datoalternativ og arbeidsgruppe. Me bed alle som er på lista om å ta stilling til framlegga og melda frå om alternative framlegg innan tre dagar. Om ingen har innvendingar gjer eg framlegg om at det vert denne arbeidsgruppa som får andsvar for å laga samlinga. Endeleg dato kan avgjerast av arbeidsgruppa etter innspel frå hege-lista.

Møte 1999-08-09

Stad: Hjå Hege og Erik

Tilstades: Oddmund, Hege M, Erik H, Ragnhild, Hilde H (den nye NMU-rep i NM-styret), Mette, Randi, Håkon, Vidar.

Sakliste:

Oppsummering av LM
 Stoda no/Kva må gjerast
 AU-møtet
 Styremøtet
 Organisering frametter
 Oppsummering av LM
 Me gjekk gjennom notatet Håkon hadde sendt ut på Hege-lista, og kom med kommentarar og merknader etterkvart.

Torsdagen på landsmøtet:

Me kan leggja til at LM-nemndene fukna veldig bra og at ordstyrarane var gode (sjølv om dei var strenge på valdebatten).
 Me feilvurderte kva taktikken til Lockebrigtsen ville vera: Me trudde dei ville ha fleire relativt rabiante folk i salen som ville freista reisa leiarstriden ved fleire høve, slik at me kunne vera andsvarlege og mana til ro og samling. Det motsette skjedde: Dei valde den andsvarlege og samlande taktikken. Dette var i og for seg greitt for oss, sidan me meinte at me tente på at det vart lite bråk. Minussida ved dette var at me i liten grad fekk presentert leiarstriden for møtelyden og at det vart rom for forvirring.
 Leiartalen konsoliderte truleg dei som frå før var skeptiske til Liv; dei tykte stort sett det var ein elendig tale (som det jo var). Tilhegjarane og

10.08.99

ein del tvilarar meinte nok det var ein storveges tale.

Det vart for lite ordskifte på årsmeldinga (dette var ordstyrarane sin feil, + Liv sin leiartale). Dimed fekk me ikkje skrytt mykje av styret (som var planen).

Fredagen på landsmøtet:

På orgplanen hadde Liv eit utspel om at kan henda landsrådet skulle fått meir makt og at styret burde verta mindre. Dette vart ikkje svara på og truleg ikkje godt motteke, men kan vera eit signal om komande krav.

På normeringspunktet var truleg taktikken med å lenkja framlegget frå styrefleirtalet til "han Hoel" negativ for dei, serleg etter at me hadde påpeikt kor teit det var av Liv. Det er òg eit poeng å hugsa at fleire som var skeptiske til fleirtalsframlegget meinte dette likevel hadde den beste strukturen og sa dette (t d Jan Olav Fretland i vitringa si om språkrådet etter normeringsinnleiingane).

Laurdagen:

Saka om revidert budsjett vart nesten tapt i fråsegnemnda; me hadde ikkje sagt klårt frå til folka våre i nemnda om at dette var ei viktig (taktisk) sak.

Valet: Det er nok ikkje rett at me vann 50/50 av tvilarane, det kjem an på kva tidspunkt me reknar frå. Etter den siste tellinga kvelden før laurdagen var det om lag 50 uvisse att, av desse tok Liv 40 og me 10. Det skal òg leggjast til at me truleg kan ha tapt opp til 10 røyster på folk som reiste før valet (t d austmannalaget). Viktig for at dei kapra tvilarane var nok innlegget til Ottar i DT og oppførselen hans på landsmøtet (med open valkamp for Liv på slutten), og dessutan Marta Ø Falsk sin aggressive valkamp på gangen. Me hadde lagt oss på ei noko meir varsam line, og kunne sikkert kapra fleire røyster med å ha vore meir aggressiv, men då måtte me truleg ha vunne på ein mindre snill måte òg. Formuleringa i valnemndsvitringa om at "alle er spurde om å sitja i styret med Oddmund som leiar" var nok over kanten: Det vart oppfatta som eit ultimatum og vart av fleire rekna som ureideleg.

Ålment om landsmøtet:

Fleire av benkane til dei me var allierte med var ikkje godt nok kontrollerte, t d Sogn og Fjordane.

NMU gjorde ein veldig bra jobb. Håvard Teigen skryt openlyst av NMU av di dei er so flinke til å koordinera innlegga sine og få fram meiningane/sakene sine, medan Grete Riise no meiner NMU har slutta å framstå som fraksjonistisk - "NMU røystar ikkje lenger i blokk" er hennar oppfatting.

Dette er viktig; dette var eit møte me var nøydde til å ha stram regi over, men samstundes er det det landsmøtet me har framstått som minst samla på. Det fortel noko om at me faktisk er i ferd med å verkeleg koma inn i NM.

NMU var delt i grupper som hadde andsvar for kartleggjing av ulike geografiske område. Fleire av NMU sine gruppeleiarar meinte dei hadde for lite kunnskap om sine geografiske område. Dei hadde t d ynskt seg ein "faddar" mellom dei vaksne hege-folka som kunne presentert dei for "sine" geoområde.

Fleire meiner no det verker som me har makta, men at me ikkje misbruker ho (vel sume meiner sjølvsagt det!). Dê kan stå som ei viktig parole for arbeidet frametter òg.

Stoda no/kva må gjerast?

Media: Oppslaga kring landsmøtet var greie, med fokus på leiarstriden men relativt ufårlege. Etter landsmøtet har det òg vore greitt, fram til DT-oppslaget med Hellebust. Det har ført til køyr i NRK og Dagbla m m. Resultatet av dette: NM har drite seg ut for ålmenta, mange medlemmer er usikre på kva som hender. For dei som var på LM fører dette til konsolidering mot Liv, det har me fått signal på frå t d Reidun Dale (som heldt valpresentasjonen av Liv). Tillitsmannssjiktet vert nok meir konsolidert mot Liv etter dette. Frametter er lina at Oddmund svarar på alle fårlege åtak på mållaget (skriv t d innlegg til Dagbladet no). Neste Norsk Tidend vert dessutan viktig. Grete Riise, som no er heilt på Oddmund si side, freistar arbeida med adelen for å få dei til å ringja DT for å få nokre positive oppslag om NM.

Det er tre grupper me må ta omsyn til når det gjeld strategien frametter: a) ålmenta, b) organisasjonen og c) adelen. For ålmenta (og dels organisasjonen) vert det viktigaste å koma med andre utspel som får fram nye sider ved NM. Oddmund og Grete har alt laga tre-fire saker som bør kunna koma på Dagsnytt i august/september (fagforfattarar og nn, IT og nn, skulestart og parallellklassar (Nidaros-Oslo). For organisasjonen er det viktigaste praksisen vår frametter; om me viser at me kan byggja organisasjonen og gjera bra målarbeid vert dette gløymd på eit halv år. Vervekampanjen vert viktig her; me bør ha verva 1000 nye medlemmer til neste år. Viktigast: Me må no utnytta maksimalt at det er ein ung leiar og at Lockebrigtsen er sparka ut av NM: Det bør gjerast eit noggrant arbeid med å finna fram gamle NMUarar og andre som kan dragast med i NM no. Oddmund bør dessutan starta eit systematisk arbeid med å ringja "hovdingane" i NM for å finna fram til kjepphestane deira, og gjera noko med dei til neste landsmøte. Ein annan ting er at det vert viktig å styrkja lærarmållaget og utvikla ei lærarsatsing i NM.

Planen til fraksjonen er no gjennomført på alle viktige punkt, me har skrivarstova og leiinga. Spørsmålet no er korleis utvikla NM slik me vil. Dette krev nye ordskifte, m a om kva målpolitiske spørsmål me vil prioritera i NM, kva plan me skal ha for utviklinga av eit vettugt mellomsjikt i NM o s b. Det krevst med andre ord ein ny generalplan. Me bør starta utviklinga av denne planen på ei ny Hegelid-samling. Det må vera eit mål å innkorporera våre planar i NM, på sikt overflødiggjera oss sjølve og ta alle viktige ordskifte ope i NM. Mykje kan no gjerast halvoffisielt. Planen må omhandla scenarioprojektet til Øyvind.

Det er naudsynt med eit ordskifte om rolla til NMU frametter, skal NMU berre vera kjøttvekt eller opposisjon?

Som ei slags oppsummering er det to ting som avgjer suksessen frametter: 1) kor mykje nye folk me maktar trekkja inn i NM, og 2) evnane våre til å byggja alliansar med adelen.

(3) AU-møtet

Førebels AU i dag er: Oddmund, Oddny Ueland og Håvard Teigen. Sakene dei skal ha opp no er: Førebu styremøtet, aksjon 2000, daglegleiarstillinga.

På AU-møtet må dei avgjera om daglegleiarstillinga skal lysast ut eller ikkje, det som avgjer dette er Grete Riise sjølv. Oddmund har tala med henne og ho er på glid, d v s det er god von om at ho vil trekkja oppseiinga si. Tingingsspørsmål er: løn, åremålsperiode. Slik det ser ut no vil det vera ein føremun for oss om Grete held fram, slik at me for det fyrste får ein

viktig dørøpnar til adelen og for det andre kan konsentrera oss om andre ting enn tilsetjingsspørsmål.

(4) Styremøtet.

Oddmund har kalla inn alle varafolka til styremøtet, pluss skrifvarstova. Det er viktig å bruka det fyrste møtet til å skapa ei sams oppfatting av stoda og oppgåvene frametter. Oddmund har bede om å få halda ei innleiing fyrst på møtet. Viktige saker på møtet vert:

Andsvarsdelinga i styret

Delegera arbeid; gje meir andsvar til AU og skrifvarstova slik at styret kan få konsentrera seg om politiske oppgåver. Definerer rolla til styret.

Konkretisering av arbeidsplanen, prioriterte oppgåver: Sparka i gang scenariogruppe (Øyvind leverer notat), setja ned internasjonalt utval permanent, starta arbeidet med ny skulemålsplan, diskutera aksjon 2000, vinterseminaret.

Mykje av poenget på møtet må vera å konsolidera styret og freista utnytta dei resurssane som ligg mellom folka.

Organisering frametter

Me bør finna ei helg i oktober/november for ei ny hegelid-samling. Samlinga bør vera stor, men samstundes slik at det er råd å tala om "alt" ope.

Samlinga bør fyrst og fremst ha ordskifte om dei målpolitiske strategiane til NM frametter, i tillegg til å koma fram til ein slags ny generalplan.

Moglege datoar: 30-31/10, 6-7/11, 13-14/11. Send respons på dette!

Framlegg til arbeidsgruppe (skal laga program, invitasjon og mobilisering): Øyvind T, Ingar og Ragnhild.

For å gjera dette nokolunde demokratisk gjer eg framlegg om at det vert ein frist på tre dagar på å melda alternativ til denne arbeidsgruppa. Om det ikkje kjem innvendingar startar denne arbeidsgruppa opp frå fredagen av.

Dett var dett. Kom med synspunkt på vurderingane eller planane frå møtet!

Beste helsing Håkon

Fra: Hakon Kolmannskog <hakon@nynorsk.no>
Til: LARS BJARNE MAR Y <lbmaroy@c2i.net>; Hege.Lid@hd.uib.no
 <Hege.Lid@hd.uib.no>
Dato: 13. august 1999 13:54
Emne: Re: litt paranoia til Ragnhild

Hei,

flott at Lars Bjarne kjem med innspel til hege-samlinga! Fyrst må eg retta opp det eg trur er ei misstyding; at fristen for å koma med innspel til samlinga er sett til i dag. Lars Bjarne skriv:

"Um tankerekkjone ikkje vert heilt klåre kjem det seg av at eg skriv snøgt for at eg skal halda meg innanfor fristen som Håkon sette, slik at det kjem fram synspunkt fyrr nemndarbeidet tek til."

Synspunkt på nemndsarbeidet og hege-samlinga tykkjer eg me må koma med heilt fram til samlinga tek til. Poenget med fristen var å få sett ned ei nemnd som kunne starta arbeidet. Ettersom det ikkje har kome innvendingar til framlegget til nemnd reknar eg no nemnda å vera Ragnhild, Ingar og Øyvind. Desse skal sjølv sagt ha mange innspel på spørsmål og emne me bør ta opp på samlinga. Til dette finst det ikkje noko frist.

Lars Bjarne kjem med nokre innspel til ordskiftet om arbeidet vårt i NM frametter, og framtida til fraksjonen. Eg vil kommentera sume av punkta hans.

LB: "Målet å tømme fraksjonen er greidt nok. Like eins å taka diskusjonar i opne forum. Problemet til no hev vel vore at det ikkje vore råd å få reist mange av dei diskusjonane me hev ynskt, medan det no snarare er umvendt at me manglar emne å køyra fram."

Er dette rett? Eg er samd i at eitt av problema våre har vore at me (lett) har kunna konkretisera dei organisatoriske og taktiske måla i Noregs Mållag, men har hatt større problem med kva målpolitiske spørsmål og strategiar me ynskjer å ordskiftast om. Dette trur eg er ein uungåeleg konsekvens av fraksjonering (uansett organisasjon): Det er alltid lettare (og på mange måtar meir moro?) å laga planar for å kapra posisjonar og makt enn å tenkja nytt, for å seia det slik. Men eg oppfattar ikkje problemet slik at me *tidlegare* hadde mange emne me ynskte at NM skulle ordskiftast om, medan me i dag har høve til å starta ordskifte men vantar emne. *Tidlegare* låg (for?) mykje fokus på å kapra posisjonane og makta i Noregs Mållag, etter landsmøtet er dette perspektivet ikkje lenger like aktuelt, for å seia det slik.

Eg oppfattar stoda etter landsmøtet slik: Me har opna for *målpolitisk* utvikling, m a med framlegg om scenarionemnd, ope problematisering av identitetstenkjinga i den tradisjonelle målideologien o s b. Ordskiftet som gjekk (serleg mellom Øyvind og Trond) om "med- eller motkultur" på denne lista tidlegare i vår meiner eg peiker fram mot slike ordskifte me bør ynskja oss *i* Noregs Mållag. (Berre problemstillingane i det ordskiftet går

13.08.99

Ottar Grepstad sine luftige og uoriginale tankar i landsmøtetalen ein høg gang). Roar formulerer sume av utfordringane slik (i utkastet til innlegg til DT):

"Erosjonen av kjerneområda, vanskanane med å få politisk og organisatorisk gjennomslag i byane, den sterke nedgangen i medlemstalet, mangelen på ordskifte- og læringskultur internt, perspektivløysa og vanetenkinga for å nemna

noko av det eg synst er viktig. Her kunne Dag og Tid brakt fram utfordrande synsmåtar frå medlemmer, motmenn og fagfolk av ulikt slag - og dei kunne vride kritikken konstruktivt ved å peika på mogelege framvegar."

Her har me sjølv sagt ikkje svara klare, og det ser eg heller ikkje på som noko problem, av di eg trur vettuge svar på m a slike spørsmål må utviklast *i* Noregs Mållag, og ikkje berre mellom oss på hege. Poenget er at me er på veg (trur eg) til å stilla viktige og vettuge spørsmål om framtida til målsaka og Noregs Mållag.

So til "nybyggjinga" av Noregs Mållag. Lars Bjarne meiner det ikkje held å dra inn eldre NMUarar i arbeidet med å utvikla Noregs Mållag. Me må få engasjert nye målfolk og byggja nye alliansar. Dette er eg ikkje usamd i, men eg vil peika på noko eg oppfattar som ei ny misstyding: Å starta (opp att) eit systematisk arbeid for å hanka inn fleire avdanka NMUarar til arbeid i Noregs Mållag skal sjølv sagt ikkje vera den einaste organisatoriske utviklinga for Noregs Mållag. Men poenget med å leggja mykje vekt på dette er at *Noregs Mållag i dag totalt vantar eit vettugt tillitsmannssjikt*, og utan systematisk utvikling av dette (trur eg) det vil vera fånyttes å byggja alliansar og "engasjera nye folk til målrørsla". Det trengst eit sjikt av folk i Noregs Mållag som kan *starta* dei viktige ordskifta, som ikkje ser på klokka og lurar på når omvisinga og båten til Gokk går. Me treng eit sjikt i Noregs Mållag som seier at talen til Ottar Grepstad var heller dårleg; det var direkte avskrift av boka Målreising 67, og poenga var avlegse og uoriginale. *Me* seier det ikkje eingong, av di det vantar eit vettug sjikt tillitsmenn å tala til. Me treng altså ein avant garde i Noregs Mållag; ein sjikt som kan vera med på å "dra" fleire etter håret. Dette sjiktet treng ikkje vera *veldig* mange, poenget er at dei må finnast og utviklast.

Lars Bjarne skriv, om framtida til fraksjonen: "Dei av dykk som vil ha fleire aktive NMUarar må soleis etter mitt syn gå inn for ein stramare fraksjon. Kvifor skal me utanfor Oslo elles idast å bry oss ? Det er so enkelt som at skal ein vera med i eit kollektivt me, vil ein vera med på å diskutera hovudlinone i arbeidet og jamvel kunna gå god for avgjerdene. Gnisningane innetter er tydelege nok med dei fåe folki me trass i alt er no."

For det fyrste meiner eg spørsmålet om "tømming" av fraksjonen ikkje er avgjort og i alle høve ikkje konkretisert til eit serskildt tidspunkt. Kan henda han kjem til å halda fram i fleire år til, det avheng av suksessen vår *i* Noregs Mållag. Dette bør altså stå ope.

Men det eg trur kan vera ein fåre i tida frametter er at me definerer oss sjølve som noko kvalitativt anna enn Noregs Mållag. (På det eg sjølv har

skrive om det vantande tillitsmannssjiktet kan me sjå det same: Me omtalar Noregs Mållag som noko anna enn det "me" er). Eg trur det er ei utfordring å koma bort frå dette, å heller freista inkorporera fleire og fleire av planane og tankane våre til Noregs Mållag. Etter dette landsmøtet er det mest inkje som hindrar oss i gjera det. Å rekrutera gamle NMUarar til arbeid i Noregs Mållag treng ikkje føresetja ein stramt organisert fraksjon. Det er sjølvstøtt råd å mobilisera folk på grunnlag av at Noregs Mållag etterkvart faktisk kan verta ein stad der det finst vettuge folk og vettuge ordskifte, og der det er råd å gå gjort noko.

Når det gjeld e v t opposisjon til leiinga i Noregs Mållag trur eg det berre er sunt om det til ei kvar tid finst miljø som kan kritisera leiinga og arbeida på andre måtar enn leiinga i samskipnaden legg opp til. Ein stramt organisert fraksjon kan nett vera ei hindring for ein slik naudsynt kritikk, av di han då kan haldast utanfor organisasjonen.

Tilslutt litt om adelen. Lars Bjarne skriv: "Greidt nok med adelen,men den adelen eg ser fyre meg er stort sett utanfor den uttalte hovudmålgruppa vår vaksne målfolk millom 25 og 40 år. Dei som ikkje hev storkna i 70-talstenkjing eller spissformulert sagt tome talemåtar. Spursmålet mitt her vert vinn med unge intellektuelle gjennom adelen eller verkar dei berre sidrumpa på dei unge".

Her trur eg Lars Bjarne har misstydd poenget med å "prioritera arbeid andsynes adelen". Adelen i målrørsla kan sjølvstøtt aldri verta eit viktig organisatorisk satsingsområde, til det er dei for få og for lite aktive. Poenget med adelen er at dei har makt; dei sit i Samlaget, på Det norske Teatret, i Dag og Tid, på Aasen-senteret, og vil (ogso i ei god stund frametter) vera viktige premissleverandørar for kva folk i og utanfor målrørsla skal meina om nynorsk og Noregs Mållag. *Difor* er det eit poeng å byggja alliansar og halda oppe kontaktar med desse folka; av di dei kan ha avgjerande innverknad på planane våre. Sjå berre på landsmøtet i Florø og verknaden av innlegget til Ottar Grepstad i DT: Det var relativt mange som meinte det var eit viktig og vettugt innlegg. Me skal sjølvstøtt ikkje ha illusjonar om kva me kan få desse folka med på, men kontakt og alliansar med adelen vert viktig i åra som kjem òg. *Sjølvstøtt* er dei ikkje spanande for unge intellektuelle!, poenget er at dei har makt, og at me må forhalda oss til makt i striden for å gjera Noregs Mållag til ein offensiv og viktig organisasjon.

Helsing Håkon

Fra: Øyvind Thomassen <oyvind.thomassen@hf.ntnu.no>
Til: LARS BJARNE MARØY <lbmaroy@c2i.net>
Dato: 3. september 1999 14:15
Emne: Re: UTDJUPING

Svar til Marøy:

>Øyvind vil byggja lista inn i NM i løpet av 2-3 år. Men kva inneber det ?
Kva er målet for denne fraksjonen ? Utan noko mål kann me jo halda på i det
endelause. Det finst alltid nye rettferdiggingingar og nye påfunn for å
halda fram. Resultatet vert at me utviklar ei steindaud tenkjing som gjeng
i ring.

Svar: Eg er samd i at måla for fraksjonen verbalt sett er uklare. Likevel
er det nokre kulturelle bindingar som gjer at vi identifiserer oss med
kvarandre. Sjølv om vi kan vere usamde i einskildspørsmål er vi i stand til
å drøfte målreisinga innanfor felles diskursive reglar. Noko som m.a. gjer
at vi ikkje flyg i trynet på kvarandre. Etter å ha opplevd landsmøtet i NM
er eg vel av den meining at det kanskje overordna målet er å få etablert
ein ny og annleis ordskifte- og omgangskultur i NM - så får dei politiske
konsekvensane vekse ut av dette. Denne kulturen er svakt utvikla i dag -
derfor treng vi HegeLid enno ei tid.

Uansett, Eg trur verken Oddmund, Ragnhild, Trond eller eg ser noko poeng i
å site i styret no utan ein dialog med HegeLid. På kort sikt er eg ikkje så
sikker på om Hegelidianarane mobiliserast til fornying av NM utan at
HegeLid haldast oppe. På den andre sida ser eg ikkje noko poeng i å vere
2.vara til styret om ikkje dei som har bidratt til at Oddmund har vorte
valt skuvast ut over sidelina no (eller sidan!). Da er i alle fall all
livskraft i NM steindaud om ikkje lenge.

Til kommentarane til Oddmund:

Du må på ein eller annan måte forhalde deg til at Oddmund er den einaste
frå HegeLid som sit på fast plass i styret. Det første styremøtet vart
brukt til å sette i gang ein del initiativ i god HegeLid-and. Det er
likevel ein del måter å seie og gjere ting på som må innarbeidast over litt
tid. Det handlar ikkje minst om å vinne tillit i breiare lag av
organisasjonen. Der har vi med god hjelp frå Stavanger/Tromsø allereie kome
langt etter landsmøtet. Vi treng HegeLid mellom anna til å drøfte fram
strategiar for korleis og når ulike utspel skal settast i gang. Knytt til
det siste har eg mindre tru på vedtak av generalplanar for dei neste 3
eller ti åra. Det vi treng no er meir dynamisk (gjerne sosialdemokratisk)
planlegging.

Øyvind T.

OBS OBS! New E-mail address: oyvind.thomassen@hf.ntnu.no

Øyvind Thomassen
Centre for Technology and Society

03.09.99

Fra: Oddmund Hoel <loekhoel@online.no>

Til: Hege Lid <hege.lid@hd.uib.no>

Dato: 13. oktober 1999 09:57

Emne: Målreising 2001/2005

Eg fekk nettopp dette frå Håvard Teigen, som skulle fylgja opp saka etter AU-møtet for to veker sidan. Kom med merknader, og ikkje minst namn!!, i løpet av dagen.
Oddmund

Visjon 2001-2005

Mål:

Klargjere nåsituasjonen og framtidsutfordringane for nynorsken med spesiell vekt på tilh_vet mellom

- språkleg endring og regional utvikling
- kultur, motkulturane og nynorsken

Vegen fram mot 2001

Fram til landsm_tet i 2001 er oppgåva å bruke eksisterande kunnskap til å reise problemstillingar og utfordringar.

Dette blir organisert slik at styret i NM vel ei styringsgruppe. Prosjektet får eit årleg budsjett som kan dekke nettverkskostnader.

To undergrupper blir etablert. Den eine gruppa har eit tyngdepunkt av samfunnsforskarar og tek for seg tilh_vet mellom regional utvikling og nynorskens utviklingsvilkår. Den andre gruppa har eit tyngdepunkt av humanistiske forskarar og fokuserer på tilh_vet kultur - språkleg utvikling.

Gruppene skal settast saman med forskarar frå fleire milj_, men det er ein fordel at kvar gruppe har eit tyngdepunkt i eitt milj_. Kvar gruppe skal produsere ei "bok" (gjerne artikkelsamling) der eksisterande kunnskap blir presentert.

Gruppene blir sett i arbeid i januar/februar 2000 og har sine artikkelsamlingar ferdig til landsm_tet i 2001. Styringsgruppa frå NM fylgjer arbeidet under vegs og brukar kunnskapen til å formulere ei sak for landsm_tet i 2001. Denne saka skal leggje grunnlaget for fase 2 i prosjektet: perioden 2001 - 2005.

2001 - 2005

På det nåverande tidspunktet ser vi for oss at landsm_tet i 2001 skal kunne vidaref_re prosjektet på to måtar:

- Dei to arbeidsgruppene leverer ein oppdatert kunnskapstatus for feltet. Dette blir brukt som eit grunnlag for eit stort forskingsprogram i perioden 2001-2005
- Parallelt med forskingsprogrammet arbeider styret i NM med å utforme ein

16.10.99

Fra: Roar Madsen <roar.madsen@hf.ntnu.no>
Til: LARS BJARNE MARØY <lbmaroy@c2i.net>
Dato: 3. september 1999 15:43
Emne: Re: millom oss

Takk for orientering!

Eg tykkjer nok du bommar litt i kritikken av romantisk fraksjons-syn. Både eg og Øyvind veir at politikk og fraksjonering ofte er knallhard kamp (ogso internt i fraksjonane). Og me veit at nokre er snøggare til å feiga ut politiske linor når det bles mot kamp enn andre. Og det er her demokratiretorikken min kjem inn. For det fyrste trur eg sjølvsagt ikkje på noko fullkome fraksjonsdemokrati. På den andre sida meiner eg du dreg det altfor langt ved å stempla det me gjer som rein mafia.

Demokrati er ogso ei relativ sak, og reint retorisk er det uangripeleg å legitimera fraksjoneringa med dette. Til ein viss grad hev det eit røyndleg innhald og... Men den viktugaste funksjonen er å etablera eit forum for ordskifte der dei av "våre" (?) folk som sit i styret er nøyddde til å forhalda seg til synsmåtane og analysane våre. Skal me pressa Oddmund til å gjera noko meir enn å reprodusera tom retorikk må det vera fraksjons-samlingar og ei fraksjonsleiding som han må forhalda seg til.

Og elles delar eg ikkje kritikken din av Riise-saki. Kannhenda er ho treg og lite dugeleg. Men det hadde neppe vore smartast å leggja upp til endå ein runde med organisatorisk definert strid - so stutt tid etter landsmøterabalderet i media. Difor meiner eg det var rett å få henne til å halda fram.

Roar Madsen
Historisk Institutt - NTNU
7055 DRAGVOLL
Telefon/phone + 73 59 81 15
Faks/fax + 73 59 64 41

Fra: Ingar Arnøy <ingarguten@hotmail.com>
Til: lbmaroy@c2i.net <lbmaroy@c2i.net>
Dato: 14. oktober 1999 22:24
Emne: LANDSMØTET 31. OKTOBER/SEND SVAR

Iars Bjarne!

Me har hatt makta i bandet eit bel no. Tida då me skulle ta over er longo over. Soleis byd det seg fram ymse spursmål. T.d. kva me skal bruka denne makta til.

Di fleir me som tenkjer slikt, di betre.

Det har gått ut melding på lista om eit Landsmøte siste helga i oktober. Eg har rolla til Ronald Bye denne gongen og vitrar difor om dette:

1) Eigenleg var Landsmøtet sett til 30- 31. oktober. No er Oddmund vorten invitert til haustseminaret åt Hordaland Mållag laurdag 30. oktober (innbydinga kom i dag) og sjølv sagt er det uråd og dessutan feil ikkje av Oddmund å reisa dit.

2) Eg og Oddmund meiner leil det er ovleg viktig å få samla folket til å drøfta stoda og tiltaka. På ei vis er ein dags landsmøte betre skuld krava til innskjerping, effektivitet og dugleik av møtelyden.

3) Framlegget er difor LANDSMØTE SUNDAG 31. OKTOBER MED SLIKT FRAMLEGG:
(DETTE ER BERRE OMVØLING AV MEG, FULLT MOGLEG Å ENDRA!)

10:00 Frukost
11:00 Den målpolitiske stoda i Noreg.
13:00 Stoda i Noregs Mållag.
14:00 Middag
15:00 Noregs Mållag i år 2005
17:00 Framtida til Hegelid.
19:00 Val

4) Ronald søkte allvegen oversyn og kunnskap. Spørsmålet eg stiller er difor:

KJEM DU PÅ LM 31/10?

LANDSMØTET VERT PÅ SANDAKER FRIVILJUGSENTRAL

SEND SVAR TIL MEG (ingarguten@hotmail.com)

Beste hels
Ingar

15.10.99